



## Årsrapport MOT i Giske 2016/17



Vi besøker ungdommane til saman 15 gongar i løpet av dei tre åra dei går på ungdomsskulen. Det er ei stor glede og privilegium og bli godt kjent med dei.

### Verdiar:

- MOT til å leve
- MOT til å bry seg
- MOT til å seie nei

### Prinsipper:

- Jobbe i forkant
- Sjå heile mennesket
- Forsterke det positive
- Bruke vaksne og ansvarlege kulturyggjarar til å inkludere andre



MOT bevisstgjør ungdom til å ta valg som gjør at de mestrer livet  
MOT driver holdningsskapende arbeid i skoler og på fritidsarenaer



# MOT ynskjer å være ein støttespelar for ungdom i Giske kommune



## Sitat frå ungdommar:

«Det eg har gledd meg mest til med MOT sine besøk på skulen, er den spesielle følelsen av at alle blir så positive til kvarandre. Det gjer noko med klassemiljøet. MOT sine besøk lærer meg å våge å være meg sjølv og å ta eigne val. Samstundes som eg har blitt eit betre menneske. Eg vil bruke desse eigenskapane til å gjere mitt og andre sine liv betre. Det skal vere hyggeleg å vere saman med meg.»

«Veldig mange positive tanker om andre som har ført til eit betre klassemiljø.»

«Kvar gong vi skal ha MOT, gleder eg meg til ALT vi skal gjere. MOT har mange kule øvelsar. Vi er alle verdt noko. MOT har fått meg til å opne augene og sjå meg rundt + det å leve livet som ein sjølv vil!»

«MOT utfordre meg og får meg til å gjøre ting eg vanligvis ikkje hadde turt. Får meg til å tøye grensene, drite meg litt ut og foran andre for så å le av det. Eg bryr meg meir om andre no.»

«MOT gir meg eit godt klassemiljø, artige øvelser. Gjer overgangen frå barneskulen til ungdomsskulen lettere. Gode verdier, lærer andre at det er greitt å vere seg sjølv og stå for eigne val.»

«Eg kjenner at MOT har vert ein inspirerande opplevelse. Skulle ønske vi kunne ha fortsatt med det på vas, for vi har hatt det veldig kjeikt i lag. Takk for alt!»

### I løpet av skuleåret 2015 – 2016 har vi gjennomført:

- Gjennomførte besøk i alle klassene på ungdomsskulane.
- Gjennomførte 7-8-9kurs for Ungdommar Med MOT- UMM.
- Foreldremøte for nye foreldre av 8. trinnet 2016 vart gjennomført i samarbeid med ungdomsskulen på Valderøya/ Godøy september. Dette er eit samarbeid med det årlige fellesmøte for 8 trinnet der foreldre, rektor, rådgivar, miljørabeidar og lærarar er tilstade ved ungdomsskulane. Her fekk MOT mellom anna gode tilbakemeldingar frå foreldregruppa at dei opplevde det positivt og vidare at MOT sitt arbeid med skulebesøka var meiningsfulle og viktige for ungdommane.

For å sikre MOT si framtid i Giske, m.a. for å ikkje vere så sårbar for ev. fråver, er det ønskeleg å få på plass ein informatør til. MOT har no ein samla ressurs på 40 (2 x 20) %.

MOT Giske kjører en fastlagd plan / manus som gjeld frå år til år. Manuset blir kontinuerlig oppdatert frå MOT sentralt. Manus frå MOT er eit pedagogisk forankra verktøy, og fleire læringsmål og kompetanse mål kan knytast opp til dei fleste fellesfaga i ungdomsskolen.

MOT er heile tida fleksible og tilpassar arbeidsplanane til m.a. prosjekt og arbeid på ungdomsskulane og overfor informatørane som skal utføre MOT-arbeidet i praksis. MOT-informatørane Marit og Kay Amund laga ein årsplan for heile skuleåret som årleg blir sendt ut til begge skulane i Giske kommune. Med **måndag** som fast MOT dag i 2016.

Skulebesøka er svært positive og meiningsfulle for dei fleste ungdommane, men også for oss som arbeider i MOT for Giske kommune. Vi viser her til **denne rapporten til den årlege undersøking** som viser og evaluerer korleis ungdommane opplever MOT-arbeidet.

Vi som arbeider som coach'ar (tidlegare kalla informatør) har stor tru på tidlig innsats i skulen med tanke på nærmiljøfaktorar og opne samtaler i klasserommet. Vi får ofte tilbakemeldingar frå ungdommane at praktiske øvingar er noko dei sett stor pris på. Her får ungdommane sjølv trene på det som er fokus i manus i MOT-møta. Slik forstår ungdommen ofte bodskapen vår betre. Øvingar som utføres i praksis ser vi har stor effekt m.t.p. læring da de forstår bodskapen betre gjennom handlingar i praksis.

Ungdommane gir ofte gode tilbakemeldingar og spør ofte etter fleire MOT besøk, og fleire vil gjerne prate meir med oss etter at vi er ferdige. Mange ungdommar deler sine historier som kan være sterke og viktige for oss vaksne, og medelevar å vite om.

Ein må også erkjenne at alt generelt førebyggande arbeid ikkje når alle ungdommane, men i overvekt er dette er eit svært viktig supplement i det førebyggjande arbeidet i kommunen vår.

MOT i Giske ønskjer å rette ein stor takk til alle dei imøtekommande lærarane vi møter i kvardagen. Ungdommane våre ser at lærarar og MOT har gode relasjonar. Vi veit det er viktig. Mange lærarar fortel oss at dei overfører MOT sine verdiar i sitt daglege arbeid som undervisar.



vis MOT - ta eigue valg!

Ungdommar i 9. trinnet kan årleg søkje om å få bli «Ung MOTivator» (tidlegare 7-8-9 / UMM (Ungdom Med MOT). Vi gjennomfører årleg eigne kurs for dei nye Unge MOTivatorane. Desse Unge MOTivatorane ute på 3 skulebesøk til alle elevane på 7. trinnet. Dei bidrar til å gjere overgangen frå barnetrinnet til ungdomstrinnet mjukare, og mindre skummelt. Unge MOTivatorar skal bidra til at elevane frå 7. tinnet kjenner seg ivaretaken og trygg når dei møter på Ungdomsskulen. Vidare skal dei bidra til å være gode rollemodellar i skulekvardagen. Og i tillegg er det blitt naturleg at nokre av dei er med i kommunestyret sitt oktober/ novembermøte og fortel om kva MOT betyr og har betydd for dei. Dette viser at MOT-arbeidet er forankra i heile kommuneorganisasjonen. Den interessa om politikarane viser er viktig for ungdom.




#### **Unge MOT-leiarar 2016 / 17 (tidlegare Signalbærer)**

I mars i år sende Giske kommune to ungdommar til bevisstgjering / kursing / opplæring som Unge MOT-leiarar. Dette er Alexandra Sjåholm og Hannah Tornes. I tillegg sendte Optimar AS ein lærling, Ann Kristin Longva. Desse ungdommane vil vere bidragsytarar for MOT lokalt.

#### **Vi har slike planar for skuleåret 2017/18**

- Lydia Therese Valderhaug Blindheim vil i løpet av hausten bli skulert som ny MOT-coach
- Gjennomføre besøk i alle klassene på ungdomsskulane
- Gjennomføre kurs for Ung MOTivator (tidligare Ungdom Med MOT)
- Gjennomføre MOT til å glede dagen
- Delta på årleg MOT eldsjelsamling i september
- Saman med dei Unge MOT-leiarane finne ut kva dei kan bidra med og kva vi kan gjere i lag.



MOT til å bry seg  
MOT til å leve  
MOT til å sine  
MOT til å bry seg  
MOT til å leve



vis MOT - ta eige valg!

## **«Det handlar om å leve så godt som vi kan, og å være den beste utgåva av oss sjølv»**

Mange ungdommar fortel i klassa om sine mål, sine draumar og ønskjer.

Dette er store augeblink i klasserommet!

Ofte er klasseromma prega av ei stillhet og respekt for den som snakkar.

Elever som normalt ikkje deler så mykje, kan her slå til med fantastiske draumar og mål.

Vitenskapeleg baserte undersøkingar viser at det er mindre mobbing og utestenging på skular der MOT er godt innarbeidd kontra skular utan kontinuerleg MOT-arbeid.

Kontinuerleg arbeid over tid kan bidra til eit betre og varmare lokalsamfunn!

**Fin Huskeregel: Ta andre på fersk gjerning når dei gjer noko bra**



Marit Haugan Gjøsund  
MOT-coach (tidlegare informatør)

Kay Amund Vartdal  
MOT-coach (tidlegare informatør)

Sindre Røsvik  
MOT-leiar

Frode Elias Synnes  
MOT-inspirator (tidlegare koordinator)

